



Arkivnr: 2015/2168-2

Saksbehandlar: Tore Sløning, David Aasen Sandved

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.03.2016

**KULTURLANDSKAPSPrisen i HORDALAND. OPPNEMNING AV MEDLEM OG VARAMEDLEM TIL JURY**

**Samandrag**

Forvalting av kulturlandskap som grunnlag for utvikling av lokalsamfunna er eit viktig regionalpolitisk satsingsområde. Kulturlandskapsprisen vert gjeve til dei som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap i Hordaland. Frå og med 2010 har Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune felles ansvar for den årlege prisen. Prisen vert annakvart år delt ut av fylkesmannen i Hordaland og fylkesordføraren i Hordaland fylkeskommune.

Oppnemning av medlemer i juryen for prisen vart sist gjort i politisk vedtak i Kultur- og ressursutvalet 21.08.2012. Etter samansetting av nytt fylkesting og politiske utval for valbolken 2015-2019, vil Utval for kultur, idrett og regional utvikling nemne OPP ny representant med vararepresentant i juryen for Kulturlandskapsprisen.

**Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling nemner opp ..... med vararepresentant..... i juryen for Kulturlandskapsprisen i valbolken 2015-2019.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 02.03.2016

### Kva er kulturlandskapsprisen:

Kulturlandskapsprisen er ei påskjøning til dei som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare landbruket sitt kulturlandskap i Hordaland. Forvalting av kulturlandskap som grunnlag for lokal samfunnsutvikling er eit viktig regionalt satsingsområde og ordninga vart styrka ved at Hordaland fylkeskommune gjekk inn som medansvarleg for prisen frå og med 2010.

Jf. sak 48/10: *"Det vestnorske kulturlandskapet er i rask endring som følgje av dei store omleggingane i landbrukspolitikken dei seinare åra. Endring av rammene har ført til større eininger, nedlegging av bruk, nye driftsformer og overgang frå eit ekstensivt til eit meir intensivt landbruk. I tillegg har samfunnsutviklinga ført til auka press på bruk av dyrka areal til ulike utbyggingsføremål.*

*Konsekvensane av dette er tap av det historiske landskapet gjennom attgroing, bakkeplanering, mangel på vedlikehald av gamle kulturlandskapstrekk mv.*

*Kulturlandskapsprisen i Hordaland vart innstifta i 1995 av Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med landbruksnæringa. Prisen skal vera ei påskjøning til den eller dei som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap. Til no har det vore Fylkesmannen i Hordaland som har finansiert arbeidet med prisen, og som har vore ansvarleg for prisutdelinga. Det er utarbeidd eigne statuttar for ordninga.*

*Fylkeskommunen har lenge hatt eit godt samarbeid med Fylkesmannen si landbruksavdeling når det gjeld kulturminne og kulturlandskap. Døme er samarbeid om regionalt miljøprogram (RMP-ordninga), utval av nasjonale kulturlandskap og fordeling av midlar frå den tidlegare STILK-ordninga (Stønad til Tiltak i Landbrukets Kulturlandskap).*

Prisen i 2010 gjekk til Ulvund gard i Voss kommune, og vart delt ut av fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg. I 2011 fekk Røyrvik samdrift i Kvam kommune prisen, og fylkesmann Lars Sponheim sto for tildelinga. I 2012 vart Skjervheim gard i Voss kommune tildelt prisen av fylkesvaraordførar Mona Hellesnes. I 2013 gjekk prisen til Kvemmadokkje på Børshheim i Ulvik kommune, og vart delt ut av fylkesmann Lars Sponheim. I 2014 fekk Ole Gjermund Digernes prisen for gardsdrifta på Digernes i Stord kommune og på Otterøy i Bømlo kommune. Prisen vart utdelt av fylkesordførar Tom-Christer Nilsen. Prisen i 2015 gjekk til Postvegen i Kvinnherad kommune, og vart delt ut av fylkesmann Lars Sponheim.

### Hordaland fylkeskommune sine oppgåver:

Forvaltingsreforma har gitt fylkeskommunen nye oppgåver på landbruksfeltet. Landbruket skal vere fullt integrert i det regionale utviklingsarbeidet i Hordaland. Dette inneber at Hordaland fylkeskommune skal utforme og iverksette ein landbrukspolitikk for Hordaland og kan såleis påverke den nasjonale politikken. I denne samanhengen finn ein at det er viktig å stø opp under samarbeidet med Fylkesmannen i Hordaland for å inspirere til å ta vare på kulturlandskapet. Eit velstelt kulturlandskap er historieforteljande og triveskapande, det gjev grunnlag for lokal verdiskaping, og er av dei fleste oppfatta som noko som har stor verdi. Ikke minst er velstelte landskap noko som reiselivsnæringa etterspør.

Som erfaring frå og med 2010 er det grunnlag for å seie at samarbeidet med Fylkesmannen i Hordaland om Kulturlandskapsprisen har bidrige til større merksemd kring Hordaland fylkeskommune sitt ansvar for å ta vare på kulturlandskap og kulturminne, og auka interessa, merksemda og respekten for dette arbeidet.

### Juryordninga:

Frå sak 48/10: *"Det er oppretta eige samrådingsorgan, kulturlandskapsgruppa, med medlemer frå Hordaland fylkeskommune, kommunane, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, landbruket si rådgjevingsteneste, Universitetet i Bergen og fylkesmannen sine avdelingar for landbruk og miljøvern. .... Gruppa er eit tverrfagleg og -etatleg forum for drøftingar av prinsipielle spørsmål som gjeld kulturlandskap. Eit hovudmål er å koordinere forvaltingsstyresmaktene sin innsats på kulturlandskapsfeltet. Mellom anna har gruppa fungert som jury for kulturlandskapsprisen.*

I følgje vedtak i sak 48/10 pkt. 4 skal Kultur- og ressursutvalet (nå Utval for kultur, idrett og regional utvikling) ha ein representant med vararepresentant i juryen for prisen. Det må såleis oppnemnast representant og vararepresentant i juryen for valbolken 2015-2019.